



Kåre Magnus Kirkevik  
Litlevika 69  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1194 - 19/31647

Saksbehandlar:  
Eirik Berntsen  
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:  
25.10.2019

## Stadfestar motteken klage på løyve til oppføring av tilbygg - gbnr 245/18 Kvamme ( Ostereidet )

**Tiltak:** Tilbygg  
**Byggjestad:** Gbnr: 245/18  
**Tiltakshavar:** Roy Hjelmeland  
**Ansvarleg søkjar:** Flo 1 AS

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den. Klagen er mottat før klagefristen gjekk ut. I vårt sakssystem kan vi sjå at dykk fikk tilsendt vedtaket tidligast 04.10.19.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av politikarane. Dykk vil få informasjon om tidspunkt for behandlinga seinare. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside

Handsaminga hos politikarane kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

### Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan kommunen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uopretteleg skade eller tap for partane.



Etter ei førebels vurdering av klagen er det ikkje kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saka. Det er heller ikkje lagt fram nye opplysningar i klagen som verkar inn på den konkrete avgjerda.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det ikkje vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Oppstart av byggearbeid før klagesaka er endeleg avgjort, skjer på søkjar og tiltakshavar sin eigen rekning og risiko.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Eirik Berntsen  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Klage på vedtak - gbnr 245/18 Kvamme (Ostereidet)

Klage på vedtak saknr 55219

nabovarsel-tegning

**Kopi til:**

Flo 1 AS	Gravdalsveien 3	5165	LAKSEVÅG
Kjersti Hjelmeland	Nesmyren 10	5114	TERTNES
Roy Hjelmeland	Nesmyren 10	5114	TERTNES

**Mottakarar:**

Kåre Magnus Kirkevik	Litlevika 69	5914	ISDALSTØ
Solbjørg Kirkevik Simonsen	Langarinden 315	5132	NYBORG